



Type møte: Etne kyrkjeleg fellestråd	Oppmøte: Møterom Etne kyrkjekontor
Dato: Tirsdag 23.jan. 2024 kl.18.00	

Frammøtte:

Gerd Ingunn Opdal	Leiar
Ole Vidar Melkeraaen	repr. Skånevik
Kjell Ingvald Matre	repr. Etne
Kenneth Karslen	Kommuneleirepresentant
Kari Johansson	1.vararepresentant Skånevik
Kari Vik Stuhaug	Geistleg representant

Forfall: Reidar Leknes**nestleiar****Opning Kjell Ingvald****SAKER:****Sak 1/24 Godkjenning av innkalling og sakliste****Vedtak**

Innkallinga og saklista vert godkjend med ekstra sak 5/24 og 2 orienteringssaker.

Sak 2/24 Oppfølging av referat frå 28.11.23**Vedtak**

Referatet vert tatt til følgje

Sak 3/24 Økonomi

Budsjett 2024 og Økonomiplan 2024-2027

Fellestrådsleiar og kyrkjevevje har vore på møte med økonomileiar i kommunen for å samarbeid om kyrkja sitt budsjett og økonomiplan.

Vedtak**1. Budsjett 2024:**

Fellestrådet vedtek revidert budsjett for 2024 med inndecking av budsjettert meirforbruk på kr. 361.000 gjennom tilskotet frå Etne sokneråd. Jfr. møte med Etne kommune 20.09.23 og vedtak i Etne sokneråd, datert 17.okt. sak 92/23.



Ved bruk av desse midlane er også meirforbruket på drift og investeringar frå 2022 på til saman kr. 360.804,30 dekkja inn i 2024. Det er ikkje vedteke noko investeringsbudsjett for 2024.

2. Økonomiplan 2024-2027:

Framskriving av driftsbudsjettet i økonomiplanperioden viser eit meirforbruk kvart år på kr. 200.000-300.000. Budsjettet for 2025 kan ev gå i balanse ved å bruke resten av tilskotet frå Etne sokneråd, jfr pkt 1.

Fellesrådet har som kjent brukt alle fond for å dekke tidlegare års underskot. Det er såleis heller ikkje midlar att til å dekke inn forslaga i økonomiplanen til vedlikehald/utstyr som senkeapparat, måling av kyrkjer eller takreperasjon av Grindheim kyrkje.

3. Fellesrådet ser med uro på den økonomiske situasjonen i åra framover. Fellesrådet har allereie over fleire år gjort tiltak for å redusere kostnadene. Fellesrådet vil likevel greie ut desse områda for om mogeleg å redusere driftskostnadene ytterlegare.

- a. Fellesrådet ber kyrkjeeverja leggje fram tal i kWh og beløp som viser straumforbruk ved bruk av dei tre gamle kyrkjene i Etne sokn til gravferd eller gudsteneste. Fellesrådet ønskjer tal som viser straumforbruk pr tilskiping vinterstid og i sommarhalvåret.
- b. Fellesrådet ønskjer ein ny gjennomgang av serviceavtalar, forsikringsavtalar, straumavtalar og andre faste driftskostnader.

Sak 4/24 Endringar i møteplan

Møteplanen vart vedtatt på sist møte, men det er allereie behov for endringar. Det er ynskje frå Etne sokneråd om at fellesmøte med sokneråda 13.februar vert flytta.

Vedtak

Felles møte med sokneråda som var planlagt 13.februar blir utsett til hausten 24. Felles møte med sokneråda vert torsdag 12. september kl. 19.00. 13.februar blir det vanleg fellesrådsmøte, i Skånevik

Sak 5/24 Tenesteavtalen mellom Etne kommune og Etne kyrkjeleg fellesråd

Det er kome nytt forslag til tenesteytingsavtale mellom Etne kommune og Etne kyrkjelege fellesråd.

Vedtak

Fellesrådet godkjenner forslag til tenesteavtale mellom Etne kommune og Etne kyrkjelege fellesråd med følgjande merknader:



1. Målsetting: Kommunen gir tilstrekkeleg tilskot til kyrkja si lovpålagde verksemd
2. Punkt 9 Drift og vedlikehald utanfor gravplassane: Ta vekk det som står i parantes. Det gjeld ved alle kyrkjene.
3. Punkt 13: Etne kyrkjelege fellesråd skal fremja forslag til Etne kommune om arealutviding.....
4. Elles språklege rettingar.

Sak 6/24 Orienteringssaker

a. Referat frå sokneråda

- I. Etne sokneråd 9.jan
- II. Fellesmøte 5.des.

b. Tilstandsrapport Stødle kyrkje. KA har kome med tilbod om å gi økonomisk kompensasjon for tilstandsrapport for Stødle kyrkje.

Anbudsrunde er ferdig, Multikonsult har fått oppdraget. Fellesrådet legg ut for kostanden og får alt dekket i etterkant frå KA.

c. Stell av blodplommeallé i Skånevik. Blodplommealleen treng beskjæring og stell. Reidar Leknes har sagt seg villig til å ta på seg arbeidet. Kyrkjegardsarbeidar kan også vera med.

d. Vedk forsikringsoppgjjer, Gjerde kyrkje

- I. Det er kome avslag på klagen på forsikringsoppgjjeret.

e. Lager kyrkjegardsutstyr

- I. Lageret /garasjen som vert brukt til kyrkjegardsutstyr er vanskeleg å komma til no på vinteren, og ueigna i lengda. Sjur Aakra har munnleg tilbode utlån av leige av lagerlokale i hans reiskapshus inntil vidare. Dette tilbodet ynskjer fellesrådet no å nytta seg av. Kyrkjevevja tek kontakt med Sjur.
- II. Kjell Ingvald tek saka om reidskapshus vidare med kommunen saman med Ole Vidar eller Reidar.

Kyrkjekontoret i Etne, den 24.01.2024

Gerd Ingunn Opdal
Leiar

Aud Jorunn Baustad
Kyrkjevevje